




UTGJEVE AV JØLSTER

- MÅLLAG - 1989-6-ÅRG





# JØLSTER MÅLLAG

## Styret 1989

Jon Gåsemyr, formann  
Olav Veiteberg  
Kåre Lien  
Jarle Helgheim  
Inger Marie Hjelmbrække  
Vara: Elsa Eikås

## Adresse til mållaget for dei som vil bli medlem

Jølster Mållag  
Olav Veiteberg  
6853 Årdal i Jølster

Postgiro 3 06 13 63

Medlemskontigent for 1990 er kr. 160,-  
Familiemedlemmer halv pris.

## Medlemspengane

Noregs Mållag hadde på årsmøtet i Skien opp spørsmålet om årspengar i organisasjonen. Der vart det gjort vedtak om at årspengane for 1990 og 1991 skulle vere kr. 160,-. Av desse pengane går kr. 110,- til Norges Mållag, kr. 35,- til lokallaget og kr. 15,- til fylkeslaget. Jølster Mållag vel å følgje dei satsane som er sett opp sentralt. Om vi skulle endre noko, har vi berre høve til å endre lokallagssatsen. Det ser vi ingen grunn til å gjere.

	1990	1991
Heile medlemmer .....	110	110
Familiemedlemmer .....	80	80
NMU-medlemmer .....	11	11
Direkte medlemmer .....	220	220
Utanlandstillegg .....	45	45
Tilrådd lokallagsats .....	35	35
Tilrådd fylkessats .....	15	15
Etter dette blir normalsatsen for heile medlemmer .....	160	160

## Betre kontakt med Noregs Mållag

Lokallaget har stundom ønskt seg betre kontakt med Noregs Mållag sentralt. Vi driv no med vårt her i bygda. Arrangerer ein bokdag for året, gjev ut bladet Jølst og sel dei lodda vi får tilsendt frå Noregs Mållag. Men når vi ser på medlemspengane som blir innbetalt, tykkjer vi stundom mykje av dei hamnar sentralt i Oslo. Er dette ei rett fordeling? Blir pengane brukte mest fornuftig på denne måten? Ja, dette er spørsmål som vi stiller oss.

I år vil vi sikre oss betre kontakt med Noregs Mållag, derfor har vi spurt formannen i Noregs Mållag, Marta Østerås Falch, om å komme til bokdagen vår. Vi vil då nytte høvet til å skaffe oss personleg kontakt med leiinga i målrørsla.

## Bokdagen

Bokdagen vil i år bli arrangert på Skei. Den vil følgje sitt faste opplegg. Program, kaffi og mat, loddsal og bokutstilling. Av program må først nemnast kåseri ved formannen i Noregs Mållag, Marta Ø. Falch. Formannen i Firda Mållag, E. Gautefall, vil så komme med nokre minneord om Gustav Indrebø. Det blir opplesing av Anny Flatjord, musikk av Fjellklang og lettare program - skjetsjar - ved 7. klassingane ved Skei skule. Bokhandlar G. Huus vil som vanleg stille ut dei nye bøkene som er komne på marknaden, så ein kan sikre seg julelesnad/gåver. Alt skulle ligge til rette for ein vellukka bokdag.

Takk for hjelp og innsats.

## Innhald:

	Side
Målarskrinet .....	4
Novembervise .....	5
Tankar kring ord i jølstramålet .....	6-7
Folk med «lukkelege hender» i gamle Jølst .....	8-9
Treskjeraren Johannes E. Fosshem	10-11
Skulen i Jølster .....	12-13 og 21-22
Frå Klype til Antarktis .....	14-15
Vassenden Skulemusikk .....	16-17
Varden .....	18-19
Familietryssord .....	23

# MÅLARSKRINET

## Sylvia Steinagard

Ein mørk oktoberkveld var Jølst sine medarbeidarar på vitjing i målaraskrinet. Og vi møtte ein blid og inspirert kunstnar som fortalde om bileta og arbeidet sitt.

Sylvia Steinagard er opphaveleg frå Måløy, og har teikna så lenge ho kan hugse. Ho flytta til Jølster fordi ho treng fred og ro til å jobbe, og fordi her er så fint lys. Målaraskrinet er kanskje eit modig prosjekt, men ho er optimist når det gjeld framtida til dette prosjektet. Og for eiga rekning må vi seie at vi vart imponerte over kva kunstnaren har fått ut av dette bygget: Galleri, flott grafisk verkstad med moderne utstyr og varmt og koseleg atelier. Galleriet er ikkje heilt ferdig. Her manglar det noko isolering og lyspunkt for at det skal bli slik kunstnaren ynskjer det.

Sylvia Steinagard starta med oljemåleri. For 12 år sidan byrja ho med akvarell-måling. Ho er sjølvlært på akvarell, og har no kome så langt med dette at ho stadig held kurs for andre. Vidare jobbar ho mykje med grafikk: Kaldnålsradering, etsing og aquatint. Vi viser her til dei to arbeida «Pensjonist-benken» og «Eldgamalt» som vi presenterer i dette juleheftet.

Kunstnaren jobbar like gjerne både med grafikk, oljemåleri, akvarell og teikning. Av andre kunstnarar set ho særleg pris på Harriet Backer og Sigurd Vinge, og er også glad i Nikolai Astrup sine bilete.

Det er fjell og hav som gjer sterkast inntrykk på Sylvia Steinagard, og på mange av bileta sine er det desse landskapa ho vender tilbake til. I galleriet finn vi og mange bilete frå Paris, etter eit tre veker opphald der. Denne reisa til Paris vart resultatet av eit reisestipend på 3000 kroner frå Sogn og Fjordane fylke.

Steinagard har delteke på ei heil rekkje utstillingar, og er innkjøpt av bl.a. Sentralsjukehuset, Vågsøy sjukeheim, Førde Hotell, Sparebanken Sogn og Fjordane m.m. Vidare laga ho Likestillingsprisen 1986 for Sogn og Fjordane fylke.

Det er ei glede å kunne få bruke nokre av bileta til Sylvia Steinagard i juleheftet Jølst.

*Kåre Lien*





# Novembervise


Nordadrag kring lon og nes  
det rimar kvitt på grasbleik voll  
alt av sumar raus i koll.

Tidleg dagen fell til ro,  
då kjem frostskodda med si kalde sno,  
frys og klakar, runner, vier,  
på veller og nes med si ullamo.

Elva renn i moll rundt vikja,  
då er det alvedans i mosedikja.  
Den urdgamle bjørka på elvebarden  
står pynta med gullkorn og isnåler  
på greiner og legg, reint valen.

Ved nattetider kjem månen op for Grøneheia  
lagar sylvbru når han væ åver Loneleida  
Det skvaslar og brest  
i frosne netter ved elvanset.

Helga Fluge  
Teikning: Mildfrid Fosheim



# Tankar kring ord i jølstramålet

Av Daniel H. Dvergsdal

Dei siste 10—15 åra har eg skrive opp ord frå Jølst for Leksikografisk Institutt i Oslo. Takka vere framifrå heimelsmenn som A. P. Sægrov, Borghild Larsen i Årdal, Anders Huus her på Nøtterøy og slekt og vener, har det vorte ein bra slump, 700—800 som eg har kopi av. Nokre få av dei har ikkje vore oppskrivne før.

Å sitje slik i ledige stunder og sysle med ord og uttrykk frå heimbygda, som dei lydde i barndoms og ungdoms dagar, er noko av det gildaste eg gjer. Minna kjem fram, og ein ser føre seg eit samfunn som er sterkt forandra dei siste 50—60 åra. Ofte resulterer dette i at ord vert gløymde samstundes som nye kjem inn med nye arbeidsmåtar og omgangsformer.

Det fyrste eg kjem i hug er ei gruppe gamle slektord: *mosøste* (morsøster), *fasøste* (farsøster), *mobbrior* (morbror), *fabbror* (farbror), *mobbrioråne* (morbrorkone), *fabbroråne* (farbrorkone). Kwart av desse orda forklarar seg sjølv og fortel kva plass desse personane har i ætta. Framifrå for slektsgranskaren! Nyorda *tante* og *onkel* er berre helvta så presise. Seier Kari: «Eg er tante til Ola», veit vi ikkje om det er på morsida eller farsida og heller ikkje om ho er inngift. Same synsmåte gjeld for lånorda *nevø* og *niese*, men her trur eg jølstringane stort sett held på nemningane *brorson*, *søsterson*, *brordotter*, *søsterdotter*. Det skulle heller ikkje vere nokon grunn til å byte ut førelekken *ver-* med *sviger-* i *vermor*, *verfar*, *verdotter*, *verson*.

Husdyrhald har alltid vore viktig på Jølst, - øyker, kyr, sauer, geiter, hund, katt og dei siste 60-åra pelsdyr. Skiljet mellom ho- og hankjønn var markert med særskilde nemningar heilt frå fødselen. Det var *maraføl* og *hestføl*, *kvigekalv* og *stutekalv*, *sømpelamb*, (simpelamb) og *veirelamb* (verlamb), *hanjnkekje* (hannekje) og *bukkekekje*. På Myklebost, der eg voks opp, hadde dei ikkje geiter. Men i Dvergsdalen hadde dei, og eg hugsar godt at syskenborna i Monsstova spurde om eg visste kva *hannekje* var for noko. Eg meinte det måtte vere *bukkekekje* og fekk låtten over meg. Fyrstelekken *hanjnje* er gamalnorsk *hadna* (hogeit).

Når geita var eitt år og hadde fått kje, heitte ho ei *kjiljlje*. Om henne har vi eit barnerim som mor mi song når ho rugga vogga.

Kille, kille, kille, kille, pusen.  
Kille, kille, kille, kille, pusen.  
Hente no geitene ken so ve,  
i kveld ligge geitene vekke.

Kille, kille, kille, kille, pusen.  
Kille, kille, kille, kille, pusen.  
Den so henta geitene, han ska få  
geitamjeltja te drekke.

Kille, kille, kille, kille, pusen.  
Kille, kille, kille, kille, pusen.  
Set injnje (henne) i brikja og slå kj'injnje ne,  
eldå (elles) får kalvane inkje.

For katt og hund hadde dei ikkje kjønns-skilde namn på ungane; men når ungane vart vaksne, heitte ho-katten *ei kjetje* og hannhunden *ein rakkje*. Ordet *bikkje* er nytt i Jølst, og sameleis *tispe*, som kom med pelsdyralet. Det var viktig å legge merke til når husdyra ville pare seg. For ei kyr heitte det å *løypje*, kyra *løype* i dag - ho *lopte* i går - ho har *lopt* om att. Geita *blesma*. Når det var tale om fødsel, sa dei at merra eller tobba *fola*, kyra *bar*, sauen *lamba*, geita *kjea*, *kjetta* *kjeljsja* (kjetla) og hunden *kvelpa*, eller fekk *kvelpar*. Dei hadde også verbet å *øngje* (yngje), fortid *øngde*, som dei kunne seie om katt og andre mindre dyr.

Arbeid måtte til, og i stadnamn finn vi tydelege far etter ei inndeling av dagen som vi kjenner frå gammalnorsk, med sola som den store klokka. På Grimsbø har dei Memoraskora der sola om sommaren går attom fjellet litt før klokka sju etter gammal tid. Fyrstelekken er gammalnorsk midrmorgunn. Namn som Doremålsipa og Doremålssteinen har vi mange av. Fyrstelekken i *doremål* er *daur*, austlandsk dugurd, gammalnorsk dagverdr. Eg spurde far kva tid *doremål* var. Han sa det var mellom klokka ni og ti, og han hadde eit ordtak: «Doremåls glott gjer ingen mann godt.» Er det ei brose om sommaren, med regn dag etter dag, kjem det gjerne ein solgløtt i 9-10 tida, og så tjuknar regnskylene til att.

*Middag* og *non* (frå latin nona hora, den niande timen) har vi og i mange stadnamn, — Middagsfjellet, Middagsnova, Nonsnipa, Nonsnova. Meir ukjent er namnet *myrappta* (gammalnorsk midraptann). Eg har funne det i tre stadnamn: Myrapptaskardet (Håheim), Myrapptasteinen (Søgenesand), Myrapptasælda (Øygard). På alle desse stadene står sola omlag klokka 17, etter det eg har fått opplyst. Gamle Per Sægrov hugsar at han ein gong høyrde *myrappta* i tydinga *non*. Det må vel då vere måltidet *non* som vart ete litt seint.

Dette fører oss attende til dagens fyrste måltid. I mitt oppøle sa dei på ein del gardar på Myklebost «å ete biskjinjn». Ordet er visstnok lånt, tysk Bisschen, liten



bit. I andre bygder sa dei *åbit*. Båe orda er nytta om eit lett måltid. Frå andre grender i Jølst har eg frett at i gamle dagar sa dei «å ete dauren». Her har vi frå fyrst av truleg å gjere med to morgonmåltid, fyrst eit lett og sidan eit meir fullstendig. Dette systemet har eg sjølv opplevd som gardsgut i høyonna på Hedemark. Klokka halv seks kom bonden og vekte oss. Etter ein heller mager frukost var det å stille på teigen klokka seks. Så var det arbeid til klokka ni. Då ringde stabbursklokka til dugurd. Det var eit solid måltid.

Ordet *gut* er etter måten nytt i jølstramålet. Heilt opp til min barndom sa dei *svenjn* (gammalnorsk sveinn), i fleirtal *sveina* (sveinar). Litt nedlatande kunne dei tale om ein *sveinongje* på same måte som dei sa ein *jentongje* og ein *bansongje* (sveinunge, jentunge, barnsunge). Var ei jente tjukk og rundvaksen, var ho *treiúve*. Heldt ho seg slik også når ho voks opp, heitte det «å vekse med *treivdínjnje*». Det motsette var *granjnfe*.

Kjende vi som born stikking og prikking i heile kroppen, sa dei vaksne at vi hadde *vokstraflog*. Borna fann seg *spel* (leikar), *dei spelte seg* og *dei tura*. Vart det mykje springing og roping, kunne ein seie at «da va ein *fæla leiké*». Dette uttrykket kunne og nyttast om vaksne som sjaua.

Ein litt hardhendt leik var «å rulle kiste». To og to la seg mot einannan oppe i ein bakke, tok godt tak i kvarandre og let seg rulle. Di brattare bakke, di større vart farten.


Unge menneske vart hugtekne i kvarandre då som no, men det hende og at det vart *breksl* (brigsel, gammalnorsk brigsla, knute på tråden) mellom jente og gut. Den eine kunne vere *åbruge* (åbryen, svartsjuk, sjalu), eit mørkt ord. Ei kvinne som skulle ha barn, var *fremmeleg*.

Når vi sit og ventar på nokon av våre kjære, kan det hende at vi høyrer det trampe på trappa eller ta i døra

ei stund før vedkomande verkeleg kjem. Eg spurde ein eldre jølstring, namnet har eg diverre gløymt, om han visste kva dette var. Svaret kom kontant: «Det er *framferda*». Fenomenet er velkjent i heile landet med namn som ein *framfare*, ei *føreferd*, eit *vardøger*. I folketrua var det eit varslande vette som gjekk føre eller følgde eit menneske.

Ja, slik kan ein late tankane vandre frå det eine ordet til det andre og det er uråd å komme til endes. Jølstramålet er rikt, med mange gamle ord som er godt brukeleg den dag i dag. Kvifor er vi ikkje flinkare til å bruke dei i skrift? Noko trur eg ligg i stilskrivinga både i grunnskulen og vidaregåande skular. Vi lærde å nytte dei ord som stod i lærebøkene, lesebøkene og ordlistene. Der fann vi ikkje ord som *goske* (lett forkjøling), *resleie* (reparere), *andøge* (vere ottefull for). Andre gonger var orda vanskelege å finne fordi ein del lyd-utviklingar i jølstramålet bryt sterkt med normaliserte (etymologiserande) skrivemåtar. Eg tenkjer på overgangen av gammalnorsk kort *u* til *ø* i ord som *løte* (lut) og *hømmele* (hummel, blanding av bygg og havre), — overgangen *tl* og *sl* til *ljsj* i *kviljsja* (kvitlar, fleirtal av kvitel) og *Kviljsja* (stadnamnet Kvisla, forgreining av elv ved utlaupet, delta), — omkasting av *vl*-lyd og *vr*-lyd (metatese) i ord som ein *sollúve* (sovl), *nærv* (never).

Så vart det til at ein let vere å bruke slike ord, eller bytte dei ut med andre. Døme på det siste har vi i verbet å *turve*. På jølstramål heiter det å *tørve* — notid *tar* (tarv) — fortid *tørte* (turvte) — supinum *tørva* (turva). Vi seier «Du *tar* (tarv) ikkje freiste». — «Vi *tørte* (turvte) vel gjort noko med det» — «Vi hadde *tørva* (turva) hjelpt han.» Dei fleste vil vel bytte ut med *tren* i den fyrste setningen og burde eller *skulle* i dei to siste. Avløysingsorda kan vere gode nok, men vi har altså å *turve* i full bruk munnleg. Di fleire ord vi har å velje mellom, dess rikare vert vår stil.



Ets./kaldril e.t. tilst. II 19/40

"Pensjonistbenken"

Egloia Steingard 1940

# Folk med «lukkelege hender» i gamle Jølst

Av Anders P. Sægrov

Det var ikkje so store ombrøyte frå tid til tid i det gamle Jølst. Folket bruka muskelkrafta, sleit på helsa og tok tida til hjelp. Og dei tykte at når det var fred i landet, og når somrane var gode og helsa var bra, so var det ikkje grunn til å klage.

Men det fanst då ein og annan i grendene som lurte på om ein ikkje kunne spare litt på muskelkrafta, litt mindre slit hadde gjort seg. Men dei hadde ikkje råd til å ta vågnaden med å prøve noko nytt. Mistrua til det nye var stor, og det såg dei som ei dygd....

Det er ikkje so få her i bygda som veit å fortelje om kor det var å drive slåttevinn i hundedagane og i Barsokbrosa, den tid alt høyet skulle turkast. Mismodet var ikkje langt borte når vassdrevet stod himmelhøgt og høyhesjane la seg flate....

Han Anders Ytre Sonde var vel den første her i grenda som sette håstakk, det må ein vel forstå, at det var eit stort vågestykke. Mistrua til føretaket var stor i heile grenda. Når nokre omtala «møkadungen på Sonde», so var adressa grei nok. Og det var eit vanleg samtalemne den hausten. Men det gjekk ikkje verre enn at det kom fleire håstakkar etter kvart. Og etter håstokkane kom silo, veit vi. Og no har ikkje vestavinden mange høyhesjar å gå til åtak på her i Jølst.

Korndyrkinga her i Jølst var ikkje mindre spennande. Og det var ikkje gildt å sjå på når stormane og haustregnet herja med åkrane og kornstaurane i veke etter veke. Men stort sett vart korndyrkinga driva etter same mønster til den vart slutt. Ein spennande kamp med naturkreftene i meir enn 1000 år! Men so var det ein useieleg lette når kornet låg velberga i løa! Og då varde det ikkje lenge før det lydde taktfaste slag frå alle låvar. Det var karane som banka kornet ut av halmen, og det varde gjerne heilt til jul med det arbeidet... Denne prosessen vart mekanisert i 1890 åra, eller litt før.

Det var han «Knut dar in» i Dvergsdalen som var føregangsmannen på det omkverve her på Sørsida. Vintersdag når snødriva ville ta pusten frå folk, stod han Knut inne i ei gamal stove og laga treskemaskin. Dvergsdalselva skulle vere drivkrafta frå no av, fortalde han. Det var mange som lurte på korleis han Knut skulle få dette til. Men ingen tykte synd på elva om ho tok dette slitet. Til denne tid hadde no elva helst vore berre til forargelse — øydelagt både åker og bø...!

Då hausten kom, hadde alt folket i Dvergsdalen ei aning om at noke skulle skje. Då det synt seg at han Knut

strekte ei dubbel togsnor frå kvernhuset og inn i låven, fylgde folket nøye med. Og når han Knut slepte vatn i kvernsloket, vart det eit skvalder som folk aldri hadde høyrte før. Det varde heller ikkje lenge før det tok til å klakke av tresko på tunhellene. Karane tok seg ei skrå før dei tok ut, kvinnfolka treiv etter spøtet, dette ville dei sjå! Men smågutar i raude toppluver og småjenter med lange fletter kom dei i forkjøpet. På låven stod treskemaskina — kornet kom ut som ei snødrive. Låven riste so det var mest nivst. Ja, det var noke alle visste at elva hadde krefter i overflod, no fekk ho gjere gagns arbeid. Til slutt kom ogso gamlefolket, stod lenge og stødde seg på staven og såg, mumla noke om at slikt skulle dei havt for lenge sidan. Han Knut laga mange slike maskiner. Det vart ikkje mange som ville stå og banke med tusta no lenger. Dei som ikkje kunne bruke vasskraft, fekk seg nokre tunge «uhyre» med to sveiver på, det var noke å prøve seg på for dei som hadde overskot av kraft. Men so kunne ein no klare truskinga på tvo dagar!

På Kjøsnes var det ikkje so få av desse med «lukkelege hender». Denne gongen vil eg fortelja om han Johannes «dar nere». Han hadde jamnt mykje arbeid på gong. Det var millom anna i han som stelte med klokkene i heile Helgheimsokna, både dei små og dei store, og det gjorde han vel ifrå seg for ei rimeleg betaling. Det kan nok hende han Johannes sakna drivkraft til alt arbeidet han var bort i. På Kjøsnes hadde dei inga elv til å gjere tungarbeidet. Det hadde dei ellers vore glad for mang ein gong når haustflaumane tura som verst. Skei krinsen fekk elektrisk kraft i 1916. Men det nådde ikkje Kjøsnes i. På Kjøsnes gjekk det med å bruke muskelkrafta som dei gamle gjorde..

Men den stillferdige Johannes hadde kome på det at det var ikkje sant at Kjøsnes ikkje hadde drivkraft. Når alle elvane i Jølst låg nedfrosne so ein mest ikkje kunne merke pulsen deira, hadde dei kraft i overflod om ein berre ville ta den i bruk. Det var vindkrafta han Johannes tenkte på. Om vintrane kunne austavinden blåse 3 veker i trekk. Vinden skulle tvingast til å gjere gagnsarbeid, og ikkje berre vere til plage.

Han Johannes snekra i dagar og veker, og so sette han opp eit vindhjul i tunet. Etter det eg kan hugse so trur eg vindhjulet hadde ein diameter på 3 meter. Det gav rikeleg drivkraft. No truska han Johannes kornet med vindkraft. Kverna sette han opp i kjellaren. Ein vedhoggar laga han Johannes og. No vart det slik at når austavinden herja som verst og andre i grannelaget drog



skinnhuva godt ned, då var det liv og verksemd på Kjøsnes so dumba rauk...!

Men vindkrafta har mykje likskap med lausspingarhestane. Ei stormnatt hadde sperra i vindhjulet svikta, og vindhjulet tok i ferd med ein dødsdans som enda med at heile «kraftmaskina» vart knust til pinneved.

Men han Johannes fann andre spennande ting å stelle med. Frå Amerika kom det rykte om at dei hadde laga ei «talemaskin». Jølstringane berre lo åt slikt, dei tykte dei klarte seg godt med den «talemaskina» dei hadde fått i voggegåve. Men då denne maskina i litt nyare utgåve kom til Jølst og no vart kalle grammofon, tykte dei den var verd å ha. Ungdom og born gjekk eit godt stykke veg for å hyggje seg rundt grammofonen ei kveldsykt. Han Johannes lurte slett ikkje på å kjøpe vidunderet — han ville lage den sjølv! Og som tenkt so gjort — det var visst berre «lyddåsa» og platene han måtte kjøpe.

Frå Indre Sunde kom ein ung stillvoren kar og gifte seg med ei «jord-taus» på Indre Sægrov. Etter at han hadde fått det visst med jordtausa, gjekk han jordbruksskulen inne i Sogn. Han heitte Anders som dei fleste andre mannfolk i grenda. Denne karen var ikkje redd for å grave i Sægrov si steinfulle jord, og åkrane ved tunet vart større år for år. Og når haustregnet herja som verst, stod han i smidja, og der laga han knivar og ljå. Og om vintrane stod han i «mastova» og laga gilde kister med beslag og lås på. Han hadde ei lukkeleg hand med alt han tok seg føre. Han trengde aldri noke å «fordrive» tida med, tida vart helst i kortaste laget for honom.

Seinare kom ein annan Anders frå Dvergdsdalen og gifte seg med den unge enkja utan for elva, han vart min bestefar. Denne Anders hadde ogso eit uvanleg handelag og hadde mange idear som han måtte prøve. Desse ideane var nok ikkje å kalle «tradisjonelle». Og han var nok ikkje heppen med alt han tok i ferd med, han bestefar. Det var han nok ikkje då han laga dyregrav som han ville fange reven i. Det prosjektet var mislukka. Eg har i mi tid havt høve til å granske innretningen. Og mi meining er at den gongen undervurderte han bestefar mikkell rev.

Han bestefar sturde ikkje so lenge etter nederlaget. Han drogst ikkje med mindreverdskompleks. Han visste om både styrken og handelaget han åtte. Når han etter endt arbeidsdag kunne syne fram 3 par tresko som dagens resultat, då var det vel ikkje lett å slå honom ut.

Dei hadde mykje bruk for båt på Sægrov. Men no var den gamle lite brukande. Ein ny båt måtte ein ha, og den ville han bestefar byggje sjølv. Han var då 60 år gamal, og hadde aldri vore bort i slikt før. Han hadde vel spørt seg føre hjå ein båtbyggjar og fått ymse tips. Og kanskje båtbyggjaren tykte at å byggje båtar var ikkje vanskeleg(!) Då vinteren tok til å melde seg, vart kårstova båt-

byggjarverkstad. Ein kan godt rekne med at han bestefar fekk ymse problem å løyse medan arbeidet skreid fram. Men det vert fortalt at båten stod ferdig ein dag. Og eg kan ikkje tru at dei som står på sigerspallen i dag har sterkare kjensler enn han bestefar hadde då. Men kva hende? I sin ihug og ofse hadde han bestefar gløymt ein viktig ting: båten skulle ut or stova. No syntet det seg at døra i stova var for smal og vindaugo var for små. Båten kunne ikkje kome ut! Eg veit ikkje korleis han bestefar kom seg ut av dette uføret, det hende før mi tid. Men båten kom ut, det veit eg. Og båten kom på Jølstravatnet og. Båten var so og seie ubrukeleg i stormver. Han far kom ut i eit stormver med denne båten og hadde so nær sett livet til, det var so nær som det kunne bli. Etter dette kom båten i vanry, eg trur neppe båten kom på vatnet etter dette. Det vart eit sviande nederlag for han bestefar. Men kva gjorde han bestefar etter dette nederlaget? Neste vinter bygde han bestefar ein ny båt som vart brukt både i storm og stille i mange år!

Jølst har nok havt mange fleire med lukkelege hender, kvinner og menn, både før og no. Og vi må ovundre dei. Det var gjerne so at dei var ikkje hepne med alt dei tok seg føre, det veit vi so lite om, men vi kan rekne med det.

Men den styrka dei syntet med å prøve på nytt, var kanskje det beste av alt. Lat oss ta hatten av for det og. - - -



# Treskjeraren

## JOHANNES E. FOSSHEIM

Av Håvar Aarseth

Johannes var son til lærar og klokkar Elias Fossheim frå Skei, og kona Johanna født Skrede. Johannes var den tiande av tolv søsken. Han var født i 1890 på klokkargarden på Ålhus. Han budde seinare på garden som faren kjøpte og sidan delte på Johannes og tre av brørne.

I tretten års alderen fekk han tuberklar i eine foten og hofta og vart send til pleie i Arna. Mora var med og hjelpte til med å stelle han. I senga om kveldane låg han og hørde på mora som sat i rommet ved sida av og gråt. Ho blei trøysta av venner som sa: «Han venter berre på tida». Då sa Johannes inni seg: «Eg vil ikkje døy», og han tok opp kampen for liv og helse. Det skulle vise seg å bli ein seig kamp der han vart sengjeliggjande heime i sju år.

I denne perioden vakna kunstnaren i han. Ved sengja fekk han hoggestabbe, og kniv til å sprikke med.

Han skar ut figurane i ore, bjørk og plommetre, og han laga mange karakturar. Han laga og nokre figurar i kleberstein. I byrjinga pussa han figurane, men etter kvart vart dei grovare i utforminga. Det er mykje «liv» over figurane. Når du ser på dei, kan du nesten tru dei er levande.

Figurane han laga varierte mykje i storleik. Han laga små figurar og han laga og figurar i naturleg størrelse. Figurane kunne vere troll, folk i arbeid og dyr.

Han var ein stor original og han lærte seg alle teknikkane om treskjerjing då han var sjuk. Etter att han hadde kjempa seg gjennom sjukdomen gjekk han framleis sju år på krykkjer.

Den mest omtalde figuren han har lagd er «Fanitullen» som han fekk bronsemedalje for under landsutstillinga i treskjerjing. På landsutstillinga var figuren til Johannes sett bakerst. Kong Håkon kom gåande og såg figuren. Han tok opp figuren og sa: «Denne figuren må fortjene å stå fremst».

Fanitullen som han fekk bronsemedalje for var laga av eit stort trestykke av bjørk. Han brukte fleire veker på å laga han ferdig. Fanitullen skal forestille satan som spelar fele mens folk slest, dansar og drikk. Ein annan figur som Johannes hadde med på landsutstillinga var «Abraham ber for Sodoma».

Han fekk kunstnarløn frå Jølster kommune som han var

svært begeistra for. Etter landsutstillinga reiste han til Eidsvoll der han restaurerte Fendstad kyrkje. Han resturerte talarstolen, døypefonten og altertavla. På altertavla skar han blant anna ut dei fire apostlane.

Under andre verdskrigen skar han og selde mykje. Det var då stor etterspørsel etter treskjeringskunst og anna kunst, så under krigen selde han mest skulpturar i heile sitt liv.

Han gifte seg med Anna Aarseth frå Vassenden i 1944, og i 1945 fekk dei sonen Eldgrim. Han blei mykje opp-tatt av sonen og laga nesten berre figurar til han, som han kunne leike seg med. Dei budde på «garden» som Johannes hadde på Vassenden. På garden hadde dei ei kyr, ein hest, nokre høns og ein flokk geiter.

I 1948 måtte han på Rikshospitalet for å operere inn ny hofteskål. Etter operasjonen gjekk han fem nye år på krykkjer att, og det tok ei tid før han begynte med treskjerjinga igjen. Ein av brørne som budde i Canada, men som og dreiv med treskjerjing, kom ein gong med ideen at han skulle skjere ut figurane. Så skulle Johannes laga «liv» over dei for det fekk han så godt til. Broren var så rask med å skjere ut figurane mens att Johannes brukte fleire veker. Broren klarde ikkje å overtale Johannes slik at dei gjorde som han ville. Johannes sa: «Det blir ikkje min fugur utan at eg lagar heile.»


Noko av det han likte svært godt var å gå turar i fjellet. Han gjekk ofte i fjellet men han hadde det problemet at han måtte gå på krykkjer. Han gjekk mang ein tur på Tindfjellet og han gjekk aleine på krykkjer og henta geitene sine i Stardalen.

Han laga figurar heilt til han var åtti år gamal, men då ville ikkje jarna bite lenger. Han tenkte ikkje på at det kunne vere kreftene det svikta på. Siste figuren han laga ferdig var då han var åttifem år gammal. Etter det laga han figurar, men han hadde ikkje krefter til å fullføre dei.

Han var eit ettertrakta intervjuobjekt, men dei siste åra ville han ikkje bli intervjuet. Han var åndsfrisk til siste minutt og ein sterk vilje og eit smittande godt humør hadde han og. Men han hadde vore mykje sjuk gjennom livet. Han døde i jula 1981. Visst du har lyst til å sjå nokre av dei fugurane han laga, så kan du sjå dei på Jølstramuseet.




«Fanitullen», eit av Johannes Fossheim sine mest omtalte verk. «Fanitullen» skal forestille satan som spelar fele, folk som slest, folk som drikk og folk som dansar.



«Fanitullen»

Foto: Kåre Lien.



Eit av Fossheim sine arbeid.

Foto: Kåre Lien.

# SKULEN I JØLSTER

## Utdrag av notatar til Andreas Grepstad

Det første ein høyrer om skulen i Jølster, er eit møte i skulekommisjonen, halde på Ålhus prestegard 8. juli 1841. Møtet er styrt av soknepresten, Lund.

Saklista byrjar såleis:

«Skoleholderne var nærværende, og fremlagde deres protokoller, der befandtes at være i god orden». Ein får så høyre at det har vore skuleforsøming — det er elles noke som går att lenge — og 4 vert ilagde mulkt — 60 sk.

Sak 2 er budgettet. Der får ein høyre namn på lærarane, 6 i alt. Det er:

Hovedkirkesanger og skoleholder Knut Nilssen Heggernes. (1846: 41 år gammal, skulelærer i 23 år)

Kirkesanger og skoleholder Jens Sørensen. (1846: 49 år gammal, lærar i 20 år).

Samuel Nilssen Dvergsdal, skoleholder.

Ludvig Gundersen Klakegg. (1843: lærar i 11 år)

Ole Jakobsen Myklebust. (1846: 34 år gl. lærar i 13 år)

Daniel Zakariassen Fossheim. (1846: 27 år gl. lærar i 9 år).

I 1842 vert Ole Johannesen Ålhus tilsett. (1846: 23 år gl.)

Gabriel Jakobsen Bolset vart tilsett i 1844 (1 år).

Løna er på 8 daler. Til andre utgifter løyver dei i 1841 - 3 daler. Altså er budsjettet på 51 daler (204 kroner).

### Skulelova av 1860 og dei brigde som fylgde

1. Kommisjonen. Presten og ordføraren var framleis sjølvskrivne. Heradet vel dei som skal vere med i kommisjonen, for Jølster 9 personar. Lærarane skulle velje ein representant. Skulekommisjonen vel tilsynsmenn i kvar krins og styrer med same funksjon som skulestyret gjer no. Ja, dei fastsette endåtil kva dag skulen skulle byrje om hausten. Det skulle vere skuledirektør i kvart bispedøme. Elles blei det sett i gang med lærarskular og seminar.

I Jølster vert det no 8 lærarpostar i bygda, som eller vert delt i 16 krinsar. Dette er ført i protokoll 16. juli 1860 og 13. febr. 1861. Krinsane vart og kalla avdelingar. Det er:

#### 1. skulekrins

1. krins (1. avd.) Østenstad, Eikås, Støfring, Grimsbø, Slåtten og Kvammen (28 born)

2. krins (2. avd.) Støfringstøl, Støfringsdal, Vårstøl, Storetre, Hjellbrekke, Fuge, Årset, Vassenden og Løset (26 born).

#### 2. Skulekrins (lærarpost)

3. krins (1. avd.) Legrovbakke, Bjørkelid, Espehaug, Gjesdal, Kjelsnes, Hammar og Strand (29 born).

4. krins (2. avd.) Berg, Svidalsstøl, Svidalsnes og Svidal (21 born).

#### 3. lærarpost

5. krins. Den faste skule frå Solheimsnes til Bjørset. (1 avd. 19 born) (2. avd. 32)

#### 4. lærarpost

6. krins (1. avd.) Juklestad, Sandnes, Årdalsbakke, Ytre- og Indre Årdal og Erikstad (30 born).

7. krins (2. avd.) Helgheim, Huus, Fuglestrand, Fuglebakke og Haug og Teig.

#### 5. lærarpost

8 krins (1. avd.) Årnes, Sandal, Tåhaug og Brende(n) (19 born).

9 krins (2. avd.) Åsen og Myklebust (27 born).

#### 6. lærarpost

10. krins (1. avd.) Dvergsdal, Sunde og Sægrov (19 born)

11. krins (2. avd.) Søgnesand, Lunde og Ripe (16 born).

#### 7. lærarpost

12 krins (1 avd.) Kjøsnes, Viken, Skei, Fossheim og Skrede (28 born)

13. krins (2. avd.) Håheim, Bolset, Paulen og Klakegg (30 born)

#### 8. lærarpost

14 krins (1. avd.) Grepstad, Heggheim, Flatjord, Lyngstad (22 born).

15. krins (2. avd.) Veitebergsbakke, Veiteberg og Befring (27 born).

16. krins (3. avd.) Namnlaus, Åmot og Fonn (13 born).

### Utstyret i den gamle skulen 1860

Lærebøker

Religion: Bibelen eller det nye testamentet, Salmebok (Kingo), bibelsoga (Hersleb si), Katekisma, Forklaring (Pontoppidan).

Lesing: Lesebok (Grøgård og Jensen), ABC-bok heime.

Rekning: Ikkje bok. Rekna på steintavle. Læraren las op tala eller rekningane.

Skriving: Etter forskrifter på papirarkar. Diktat.

Song: I Jensens Lesebok.

Utstyr elles: Veggstavle, kart, forskrifter, krit (og ein harelabb).

#### 1872, 30 sept.

Vedteke å få til i kvart distrikt: 1 kuleråme, 1 innventarliste (skulekista), 1 lang kasse åt karta, og eit Skandinaviakart til eit distrikt.





Skuleklassar framfor ein bygning. Framme f.v.: Johannes Huus, Sigmund Hegrenes, Ludvig Svidal og Ingolf Øvrebø.  
 2. rekkje f.v.: Bjarne Hegrenes, Kåre Øvrebø, Johan Svidal, Sigfred Øvrebø, Gunnar Nedrebø, Nikolai Hegrenes, Johannes Svidal, Johannes Øvrebø og Arne Øvrebø.  
 3. rekkje f.v.: Signe Øvrebø?, Laura Svidal, Jenny N. Berg, Inga Svidal, Olga Svidal, Ingrid Berg, Helga Svidal, Petra Solheimsnes, Borghild Hegrenes? og lærerinne Hanna Fluge Øvrebø.  
 4. rekkje f.v.: lærar Thune, ?, Anna Hegrenes?, Johanna Nedrebø, Ragna Hegrenes, Kristina Hegrenes, Bertina Berg, Anna Øvrebø, Kirsti Øvrebø og Anna Svidal.  
 5. rekkje f.v.: Petter Solheim, Petter Hegrenes, Magnus Ålhus, Olav Øvrebø, Anton Berg, Ola Øvrebø, Håkon Nedrebø og Sigurd Ålhus.

**1872, 30. okt.**

Eit manglande salmodikom bliver at anskaffe.

**1875, 9. sept.**

Samrøystes: Å kjøpe nye kart etter kvart som det vert bygd nye skulehus.

### Krinsar

Før skulelova av 1889, var det for det meste omgangsskule. Det var berre nokre få som hadde skulehus. Det var: Viken, Helgheim, Årdal og Ålhus. Bygda var delt i skuledistrikt. I 1841 var det 6. lærarar i byda. Etter skulelova av 1889 vart det fast skule mest alle stader i bygda og fleire skulehus vart bygde. På denne tida byrja ein også med krinsregulering.

18. april 1890 valde skulestyret ei nemnd til å kome med framlegg om krinsregulering. Desse vart valde: N. Dvergsdal, S. Heggheim og M. Kvammen. Resultatet vart framlagt i eit møte i 1890 og ser slik ut:

1. Eikås-Fluge. (Gardane: Ståfringshaug, Grimsbø, Slåtten, Østenstad, Eikås, Støfring, Kvammen, Birkelid, Hjellbrekke, Flugekvam, Støfring, Fluge). Lengste avstand 6,8 km. 30 v. skule med 2 kl.

2. Gjesdal. (Gardane: Kjelsnes, Strand, Hamar, Gjesdal, Espehaug, Legrovsbakke, Vassenden, Årset, Løset). Veg 7,4 km. 24 v. 2 kl.

3. Svidal. (Svidal, Stølen, Næsset, Berg, Løsetslåtten). Veg: 3 km. 18 v. 2 kl.

4. Ålhus. (Solheim, Sårheim, Ålhus, Hegrenes, Nedrebø, Øvrebø, Bjørset). Veg: 6,5 km. 30 v. 2 kl.

5. Sandal. (Årnes, Tåhaug, Sandal, Brende, Sandalsstrand). Veg: 5 km. 18 v. 2 kl.

6. Myklebust. (Åsen, Myklebust). Veg: 4 km. 18 v. 2 kl.

7. Sunde-Dvergsdal. (Dvergsdal, Sunde, Sægrov). Veg: 4,7 km. 18 v. 2 kl.

Framhald side 20

## FRÅ KLYPE TIL

Av Rune Ard



Landstasjonen Sopecoba ved byen Libreville

Garden «Klype» i Årdalen er ikkje den ein set i samanheng med dei store verdenshav, store kvalkokeri og ekspedisjonar i Sørishavet. Men bonden Anfinn O. Årdal har prøvd det, i 9 år på rad. I perioden 1949—1958, i kvalfangstens storheitstid var han med. Ein prat om emnet i stova på garden ein haustkveld, mellom kvaltenner, bardar, tørka flygefisk og ein haug med bilete frå ekspedisjonane, gjev oss ei levande skildring over ei tid som no er historie.

Godt og vel 20 år var Anfinn då han reiste til Tønsberg. Målet var å komme ut på ein kvalfangst-ekspedisjon, men det var berre smedar og oppslagarar (reperatørar av harpunar) dei mangla, og det kunne no han ikkje noko av. Han greidde likevel å få seg jobb på Tønsberg Jernindustri. Her lærde han oppslager-yrke, og dermed hadde han inngangsbilletten til kvalfangst klar då sjansen bydde seg. For ein som ikkje hadde vore på større båt-reiser enn over Sognefjorden, på tur til Bergen, skulle dette bli «andre bollar».

### I Afrika

Dei 3 første åra skulle det bli Fransk Congo i Sentral-

Afrika som skulle bli hans heimstad. Første stopp på reisa var Cardiff i England, der ein vart vaksinert mot alle tenkelege sjukdomar. Kinin-tablettar mot malaria skulle og bli kvardagskost i dei 8 månadene ein ekspedisjon som regel tok. Turen gjekk så vidare til staten Gabon, i den tidlegare franske kolonien, der landstasjonen Sopecoba skulle byggast opp.

Sopecoba var eit stort kvakokeanlegg, eit «mini Mongstad», som fleire hundre nordmenn og innfødde på staden bygde opp i åra 1949—51. Anlegget låg sør for byen Libreville,  $\frac{1}{4}$  grad sør for Ekvator.


Der var heitt og rått i lufta, temperaturen låg på over 30 i sjøen. På fangstbåtane låg temperaturen i maskinrommet på 60—68 varmegrader, meir enn nok til å slå ut ein hest. Ein gamal oppslagar tolte ikkje heten og svimde av i maskina. Då smatt sonen av ein hestehandlar frå Jølst fram og tok jobben, og maskina vart etter dette hans arbeidsstad.

Dagane var lange, ikkje noko 37,5 timars veke inkl. matpause der i garden. 90 timar var ei vanleg arbeidsveke, løna var prosent av fangsten. I denne perioden då kvalfangsten var på sitt største, vart utkoma bra etter



# ANTARKTIS

al



ille, ¼ grad sør for Ekvator.

dei tider å vere. 20-åringen sette seg snart i respekt med sine krefter. Han vil ikkje akkurat snakke så mykje om det, men ingen greidde å ta han i handbak. Det var heller ingen som gjorde han etter å bera i land to granatharpuner, ein under kvar hand. 87 kg vog kvar av dei, eller over 2 sementsekker i kvar neve, om nokon skulle få lyst til å prøve.

## I Antarktis

Dei 3 åra i Sopecoba var berre halvvegs så langt heimanfrå som der han skulle bli i dei 6 neste åra. På dei komande ekspedisjonane til Sørishavet kom han på det lengste heilt ned til den 73. breddegraden, like langt inn mot Sydpolen som det Monica Kristensen kom. Fangstane føregjekk rundt heile Antarktis, men spesielt på Rosshavet og i Weddelhavet.

Noreg hadde 10 ekspedisjonar ute og var den største nasjonen. Ein ekspedisjon var på 14–15 båtar. Det var eit flytande kokeri, 2–3 bøyebåtar og 10–12 fangstbåtar.

Heller ikkje på dei breddegrader kunne ein unngå å møte andre jølstringar. Mellom dei 18 mann på Anfinn

sin båt, var også Nikolai Astrup sin eldste son Arnold. På kvalkokeriet var Magnus Ålhus i arbeid.

Fangstbåtane, som Anfinn sin båt «Femmeren», jakta på kvalen, og når den kom på skothald vart den skoten med granatharpun. Kvalen vart så pumpa opp med luft frå ein kompressor, for å flyte. Flagget «Nr. 5» vart planta på ryggen på den, og melding gjekk til bøyebåtane at ein ny kval låg klar til tauing til det flytande kvalkokeriet. Det heile var som ein stor fabrikk der 5–800 mann var i arbeid, ja den største var på oppmot 1100 mann. Kokeria hadde dampmaskiner med store dimensjonar på alt, t.d. hadde kokeriet «Torshavet» eit straumaggregat som var stort nok til å dekkje heile Sandefjord by med straum!

Det hende at dei greidde å skyte opptil 7 kvalar på ein føremiddag på 3–4 timar. Dei kunne også gå i mange dagar utan fangst i det heile. 250 kval på båten på ein sesong var vanleg.

## Kvalen

Verdens største dyr, kvalen, er det store dimensjonar over. «Lenger enn løa», seier Anfinn. Ein blåkval på 33

Framhald side 19



# VASSENDEN SKULEMUSIKK

Av Steinar O. Kvammen

I 1969 fann Bård Hamar ut at vi trong ein skulemusikk i bygda. No var grendaskulane samla i nyskulen på Vassenden og det gav grunnlag til brei rekruttering. Han kalla inn Harald Hjellbrekke, Dagfinn Gjesdal, Moses Sandal og Hans Ålhus, ein frå kvar krins. Alle var einige om at vi burde ha ein skulemusikk. Dei kontakta Gunnar Smaadal, og han var viljug til å dirigere. Men for å kunne ha eit korps trong dei instrument, og det vart samla inn pengar hos bygdefolket. Det kom inn så mykje at Gunnar kunne reise til Solberg Musikkforretning i Florø og betale alle instrumenta med ein gong.

Dette var starten til Vassenden Skulemusikk, og dette var starten på eit unikt samspel mellom korps og bygdefolk. Utan deira støtte og deltaking på korpset sine arrangement, det vere seg loddsal eller konsertar, ville ikkje dette kunne gå. Foreldra har vore fantastiske. Dei har køyrt på øving, laga vinstar til utlodding, samla inn pengar på loddsal og møtt opp på konsertar. Dei har vist interesse for det vi driv med, og deira hjelp har vore uunnverleg. Vi hadde fått ein ambassadør for Vassenden og for Jølster, Vassenden Skulemusikk.

I 1982 deltok Vassenden Skulemusikk i den første Sogn og Fjordane Meisterskapen for Skulekorps i Florø. I konkurranse med Florø Skoles Musikkorps og Olden Skulemusikk tok vi ein andre plass. Neste år gjentok Vassenden Skulemusikk andre plassen på Sandane. Etter Sandane vart konkurransen fastlagd til Florø. Like fastlagt var det at Vassenden Skulemusikk skulle delta.

Fleire og fleire korps deltok, og det vart delt inn i fleire klassar. 2. divisjon brass, 2. divisjon janitsjar og ein lukka konkurranse, der poengsum og plassering ikkje vart offentleggjort. Det var alltid spennande å høyre dei andre korpsa, høyre om dei var betre enn året før, og å treffe igjen gamle konkurrentar. Eit «heitt» samtalemne var kven som hadde spelt best. Her galt alltid jantelova hos Vassenden Skulemusikk, og vi fekk ord på oss for å vere eit sympatisk korps.

Eit skår i gleda var at konkurrentane og «sambuarane» til Vassenden Skulemusikk, Olden Skulemusikk, gav seg etter nokre år. Gutane frå Vassenden og Olden var så få at dei vart innkvartert på same klasserom. Alle deltakarane låg på den vidaregåande skulen i Florø.

«Den evige toaren» hadde etter sju konkurransar 6. andreplassar og ein tredje plass, men konkurransetørsten var ikkje sløkt med dette.

I 1982 og 1985 kvalifiserte Vassenden Skulemusikk seg til NM for skulekorps. No låg vegen klar til Bergen og til Greieghallen. For å kvalifisere oss spelte vi kvalifiseringsstykket inn på kassett, og sende det til dommarane. NM var nytt for Vassenden Skulemusikk, og korpsa ukjende, så vi reiste utan forhåpningar. Vassenden Skulemusikk tok ein 4. og ein 9. plass, og vi kom igjen etter to flotte turar med mange nye erfaringar.

Det er alltid like kjekt å få reise og å få møte nye og gamle vener. Ved slutten av sesongen reier Vassenden Skulemusikk som oftast på stemne i krinsen eller på festival ein eller annan plass i landet. Vassenden Skulemusikk har vore til Elverum, Drammen og Mandal. Den siste langturen vi var på; til Mandal, spelte vi i eit kjempekorkester med ca. 2000 musikantar. Dette var ei stor oppleving.

**Sogn og Fjordane Meisterskapen for skulekorps 1989**

Etter åtte års slit, 6. andreplassar og 1. tredje plass lukkast Vassenden Skulemusikk med å vinne konkurransen i Florø. Med 92,5 poeng og fyrste ærespris toppa vi listene. Ein kan oppnå maksimalt 100 poeng og kvar ny tiar frå 70 har ærespris, 70-79 tredje ærespris, 80-89 andre ærespris, 90-100 fyrste ærespris.

Vi var godt fornøgde då vi gjekk av scena, vi hadde gjort vårt beste så no var det opp til dommarane kven som var best. Skei Skulemusikk deltok i tredjedivisjon Janitsjar. Dei hadde og spelt bra, stemninga var god. På festen om kvelden var det mykje spekulasjonar om kven som skulle gå av med sigeren. Søndag skulle vi få utløyst spenninga, 750 stykker + publikum samla seg i festsalen. Temperaturen steig fort både hos korpsmedlemene og i salen. Stemninga var stor, fleire korps hadde eigne heiarop. Etter ein flott konsert av Florø hornmusikk var det premierung av drillen, deretter ensemble konkurransen. Stemninga steig 3 hakk og den første sigersjubelen kom.

Så starta premieutdelinga til korpsa, og til slutt kom dei til 2. divisjon Brass. Alle stod spente, nokre heldt rundt kvarandre. «Fjerdeplass og 76 poeng Brekke Skulemusikk». Vi hadde tredje plassen. «Tredjeplass og 80 poeng Solund skulemusikk». Då galdt det, var det vi eller Florø Skoles Musikkorps som var best. «Andre plass og 84,5 poeng... Florø...» Resten av orda til premieutdelaren forsvann i jubelbrølet. Endeleg, etter 8 år greidde vi førsteplass, tårene trilla, folk hang om halsen på kvarandre. Dette var verkeleg stort.

Etter å ha spelt konkurransennummeret for publikum, vende nasa heim att. På Jølstraholmen venta foreldra





Vassenden Skulemusikk. 1. rekkje frå venstre: Lina Helmen, Arnhild Holstad, Kristi Beate Huus, Gunnar Smaadal, Benedicte Grønli, Marion Østenstad, Lillian Barlund.  
 2. rekkje frå venstre: Hildegunn Svidal, bård Støfringsdal, Bodil Kvammen, Mariam Svalheim, Ingunn Støfring, Torill Kjosnes, Lisbeth Munkvold, Ørjan Smaadal, Rune Håheim, Jan Arne Flugekvam, Bjørn Tore Bergseth.  
 3. rekkje frå venstre: Trond Gjesdal, Janne Karin Støylen, Anne Cecilie Kapstad, Jan Erik Nilsen, Bjørnar Hillestad, Heidi Støfring, Anja Haugsdal, Paula Lesto, Roald Brekkuhus, Øystein Øvrebø, Terje Asen, Kathrine Bergseth, Oddleif Løset, Elin Løset.  
 4. rekkje frå venstre: Nina Farsund, Ludvik Grimelid, Knut Ivar Støfring, Åge Barlund, Morten Arset, Monica Nilsen, Ragnvald Smaadal, Steinar Kvammen, Solveig Øvrebø, Sølvi Svidal, Magne Angelshaug, Jarle Hillestad, Inger Jorunn Arset, Hege Støylen.

og ordføraren på oss, nok ei gledeleg overrasking. Det vart ein dag vi seint vil gløyme.

I 1979 feira vi ti års jubileum der vi gav ut ein jubileumskassett. I år, 10 år seinare kunne vi feire 20 års jubileum. Det vart feira med ein samankomst der dei 151 aktive medlemmane gjennom desse 20 åra var inviterte. Ekstra hyggeleg var meiterskapen i Florø dette jubileumsåret.

Korpset har gått betre og betre, og vi kan idag skilte med ein medlemsmasse på 198 utøvande og ikkje utøvande medlemmar.

• •



# VAR DEN

Blad åt «Værden» Bondeungdomslag

Nr. 3. - Laurdagskvelden den 1. febr. 1947 - 12 årg.

## Frå leiarhuset

Vi som fekk den æra  
og utsendingar vera  
til Ålhus  
på siste lags - og studieleiarkurs  
vil freista fortelja  
dykk det vi fekk læra  
no denne helga.  
Og eg fram det skal bera.

Møtet vart opna av Leivestad  
som yngste velkomne, så vart det ymse val  
og namneopprop for utsendingar fyrst.  
Og laga var representera frå dalbotn til kyst.

Hrr Leivestad kan den kunsten å snakke,  
og honom har vi mykje å takke  
for att alt saman gjekk på ein prikk.  
Vi fekk høyra om møtestyring og møteteknikk.

Det fyrste vi må læra er å møta presis,  
då fyrst kan det gå på skikkeleg vis.  
Så må formannen setja seg inn i programmet  
og songane må veljast på førehand.  
Og nokre svenske intelligensprøver  
det friskar humøret og tankane øver.

På kvart eit møte må ordet gjevast fritt  
så lemene kan få koma med eitt og hitt.  
Og når så ein talar kjem til laget  
må han få godt mottak og synast age.  
Referatet skal skrivast kort og greitt  
og talen må emneførast, ikkje for vidt og breitt,  
men slik at hovudinnhaldet, poenget,  
må koma fram så det kan fengje.

Ein studiering det er grepa greier  
og primus motor er studieleiar.  
Der kan ein læra bå' billeg og godt,  
og rik vert hausten når slik ein hev sått.

Etter foredraget bar det i kjellaren til duka bord,  
og alle vi åt med mathug stor.  
Men klokka 3 var vi atter i sala  
og hørde på Østenstad når om skodespel han tala.

Og han fortalde om instruktørar  
og skodespel og sketsar for amatørar.  
Skal ein få noko av skodespela  
må spelarane spela med heile sjæla,

og dernest alle spel - lag bør  
få seg fat i ein god instruktør.

Eit moro-spel må alltid gå fort,  
men med maskering treng ein kje hefte seg stort.  
Då vert det motsett i dramaspel,  
i dei må ein alltid maskera seg vel.

Men tida ho gjekk og kvelden seig på  
og vi måtte i kjellaren og mat oss få.  
Og sidan vart det ordskifte, og innleiar var  
herr Bjarne Sandnes, og det var kar  
som la ut om ungdom og alkohol,  
og samde var bå' Klakegg og Wendelbo.  
Men Østenstad syntest eit glas i all «skjønnhet»  
for sume kom vel med, og godt «belønnet»  
og fri kompleks og meir av den slags  
ein vert då, og betre å gjera til lags.

Så byrja folkefesten kring klokka åtte  
med prolog og tale og song og låtte.  
Og sidan så vart det folkeviseleik  
og der fekk mange av oss atter ein kveik.  
Men då det leid ut i dei timar små  
gjekk dansen lystigt, og lett på tå  
svinga par etter par seg og trødde takta.  
Og kvelden gjekk, og det meste av natta.

Men dagen etter, det sundag var  
med klokkeslag i frå kyrkjegard  
vart det, - då vi kom frå kyrkjehus -  
ordskifte innleia av Johan Huus.  
han fortalde om ungdom og organisering,  
og det var eit emne som kravde studering.  
Difor vart ordskiftet heller kort,  
og alle lengta til det neste stort.  
Og det var om målsaka innleia av Hjelmbrække,  
han byrja med då nynorsken fekk sin knekke.  
Det var i dansketida, 200 år,  
og herfrå fekk vi vårt unorske mål.

Men så kom Åsen og synte oss leia,  
han sådde ein lyngblom på aude heida.  
Og blomen han voks og nye skaut fram,  
og atter kunne vi tala norsk utan skam.  
Så gjekk det då framover til krigen kom,  
han øydde og snøydde og snudde alt om  
slik at vi i dag står svakare enn nokon sinne.



Men no må vi syna: Vi er ikkje linne!  
Heretter kjøper vi berre nynorske bøker  
og målblad. Alt norsk vi søkjer å hjelpa fram  
av all vår evne. Det er ei skam  
att vi skal ha dette blandingsmålet!  
Nei no skal vi herda oss til stålet,  
og ryddja kvart unorsk ord ut,  
det er oppgåve til gjente og gut!

Ja slik tala Hjelmbrekke, kraftige ord,  
og Kallhovd forsvara og målet hennar mor.  
Likeeins Thune, Klakegg og Østenstad,  
alle var samde, det gjorde meg glad  
å høyra at alle vilde støtta denne store sak,  
og vera med for målet og ta eit kraft-tak.

Så kom vi til siste post på programmet,  
og det var ikkje det låkaste, det lyt vi sanne.  
Det var vanleg undomsmøte skipa av programnemd,  
med prolog og tale og song av Sandalstranden.  
Frk. Helgheim las eit stykke, og Kalland fortalde stubbar  
så dei lo bå' gjentor og gutar, ja endå til gamle gubbar.  
Musikk frå tvo orkester gav oss ein god kveik,  
og sidan gjekk vi over til folkeviseleik.  
Og så rodde vi oss ut på seiegrunnen,  
og gjekk oss opp til sæterlunden.  
Og eg ser på deg, og du ser på meg.  
Å hildrande du, med meg skal du bu  
i Blåhaugen skal du din sylvrokk snu.

Så vart det slutt, for alt har ein ende,  
og alle vi som var utsende  
måtte heim att vende.  
Vi takka for laget, det gilde samværet!  
Og yngste berre  
at alle i vårt ungdomslag  
skulle fått vore på leiarkurset kvar ein dag.

«Bernt Gauk-kleiva»

Frå side 15

## FRÅ KLYPE TIL ANTARKTIS....

meter var den lengste han var med på å fange. Rygg-  
spekket var på 80 cm. «Kvar gong eg kjem på ei ferje  
og ferjefronten opnar seg opp minner det meg om kval-  
kjeften», seier Anfinn. 1 tonn vatn tar dei inn i ein «slurk»,  
før dei silar det ut at gjennom bardane, og let den faste  
føda bli att innabords. Om nokon skulle tykkje at ein stor  
elefant på sirkus ser mandig ut, er den ikkje større enn  
berre tunga til blåkvalen, 4—5 tonn. Minstemål for å  
skyte ein blåkval var 24 meter, ein knølkval 20. Viste  
kontrollmåla under dette, tok staten hand om dyret og  
båten fekk ikkje betalt for han.

Spermasettkvalen hadde andre eigenskapar enn dei  
andre. Oljen av desse kunne ikkje brukast til mat, men  
derimot til mottrykkolje i kanoner. I ein «beholdar» i  
nakken kunne ein tappe ut opptil 30 fat på 180 l rein olje,  
over 5000 liter! Bardane var av eit tjukt hardt stoff som  
ein brukte til knivskaft. Rettkvalen var ein type som vart  
freda etter krigen. Dei fine håra på kanten av bardane  
på denne vart brukt til å lage parykkar av.

## Lang reise

Reisetida ned til Antarktis var det og dimensjonar over.  
Opptil 7 veker tok turen med båt. Frå Noreg med båt  
gjekk turen til Kanariøyane der ein lossa inn kol til  
kokeria. Turen gjekk som oftast «midtfjords» i Atlanter-  
havet ned mot felta, men det hende og at ein gjekk inn  
mot både Falklandsøyane i Sør-Amerika og Cape Town  
i Sør-Afrika. Turen med fly var og lang. 5 dagar, eller  
42 1/2 time i lufta tok det på reisa frå Oslo til Cape Town.

I 1958 kom han heim att for godt, etter 9 år på havet.  
Han vart etter kvart bonde på «Klype», med sau og gris,  
praktisk tala så langt frå kvalfangst det går an til å komme.  
På garden har han fire forskjellige kvalbardar hengan-  
de, dei grove taua til harpunene på tjukkelse med hand-  
leddet, kvaltenner i mange fasongar, og ikkje minst ei  
mengde bilete frå alt han har vore med på.

Om ikkje han med det får fram alle minna frå sine even-  
tyr i 50-åra, kan han berre ta ferja over Sognefjorden.  
Å drøyme seg bort når ferjefronten opnar seg.



Kaldnålbindning d. f. 35/35

«Eldgamall»

© Sylvia Stainangrud 20

**SKULEN I JØLSTER.....**

8. Årdal-Helgheim. (Juklestad, Sandnes, Årdal, Erikstad, Helgheim, Huus). Veg: 6 km. 18 v. 2 kl.

9. Søgnesand. (Søgnesand, Ripe, Lunde). Veg: 2 km. 9 v. udelt.

10. Viken. (Kjøsnes, Viken, Fuglestrand og Fuglehaug, Fugle, Huusstrand, Skei, Skrede, Fossheim). Veg: 5 km. 30 v. 2 kl.

11. Klakegg. (Håheim, Paulen, Bolset, Klakegg). Veg: 3 km. 18 v. 2 kl.

12. Heggheim. Veg: 2 km. 12 v. udelt.

13. Veiteberg. (Flatjord, Lyngstad, Befring, Veiteberg, Veitebergbakke). Veg: 2,8 km. 18 v. 2 kl.

14. Åmot. Veg: 5 km. 12 v. udelt.

Denne reguleringa var endra litt 2. april 1891. Det vart gjort etter skriv frå overtilsynet. Endringa var denne:

Hammar, Kjelsnes og Strand vert ein krins med 9 v., og nokre gardar flytt frå Eikås-Fluge til Gjesdal krins. I eit seinare møte (22. juni) vedtek skulestyret at krinsreguleringa vert sett igang frå hausten 1891. Men krinsspørsmålet er ikkje løyst endå. Det kjem fram att i 92, 93, 94 (då vart Bjørset lagd til Årdal) 95 og 96.

I 1896, 15. april var skuledirektøren tilstades på eit møte, og etter framlegg frå han vart det slike samanslåingar:

1. Ålhus og Svidal
2. Årdal og Hegheim
3. Veiteberg og Heggheim («av hensyn til Veitebergs skulehus uheldige beliggenhet».)
4. Huusstranda vert lagd til Viken.
5. Fluge-Eikås.

Men der var ikkje så enkelt å slå saman krinsar i den tida heller. Så når saka vart send til heradstyret for å løyve dei naudsynte midlane, enda det såleis: Saka kom attende til skulestyret med utskrift av møteboka som lydte slik:

**MØTEBOKA:** mot 2 stk.: «Skulestyret finder ikke av kredsene og overtilsynets uttalelser, grund til å forandre sin stemmegivning af 15. april d.å. Man finder ikke med Heggheim kreds at sneforholdene i Stardalen skulde legge særlige hindringer i veien for god skolesøkning fremfor i andre kredser».

Krinsreguleringane heldt fram med «å ulme og ulme» i fleire år framover. Men: så kjem skulelova av 1915. Skuletida vart no utvida. Såleis står ny krinsregulering på trappene. Dei nye reglane skulle då gjennomførast frå 1. juli 1916. 25. april 1916 var saka føre i Jølster skulestyre for tredje gong. Fylkestinget skulle vere på Skei, og skuledirektøren skulle også kome dit. Ei nemnd vart vald til å komme med framlegg. Desse vart valde:

Johs. Fossheim, Th. Veiteberg, L. D. Klakegg og M. Kvammen.

17. juni 1916 kom nemnda med framlegget sitt. Det såg slik ut:

**1. Åmot**

24 B. - 14 V. - småsk. - 18 V. storsk. (ny post)

**2. Veiteberg**

37 B. - 16 V. - småsk. - 18 V. storsk.

**3. Heggheim**

14 B. - 18 samla (ny post)

**Søgnes**

14 B. - 18 samla (ny post)

**4. Klakegg**

36 B. - 16 V. - småsk. - 18 V. storsk.

**5. Viken**

45 B. - 10 V. - småsk. - 28 V. storsk.

**6. Årdal**

63 B. - 32 V. - småsk. - 36 V. storsk.

**7. Ålhus**

85 B. - 32 V. - småsk. - 36 V. storsk.

**8. Eikås**

62 B. - 32 V. - småsk. - 36 V. storsk. (4 delt)

**9. Gjesdal**

44 B. - 10 V. - småsk. - 28 V. storsk.

**10. Sandal**

22 B. - 14 V. - småsk. - 18 V. storsk. (ny post)

**11. Myklebust**

34 B. - 16 V. - småsk. - 18 V. storsk.

**12. Sunde**

25 B. - 14 V. - småsk. - 18 V. storsk.

Skulestyret vedtok framlegget samrøystes. Formannen pålagd å innhente krinsane og overtilsynet si uttale, sidan vart saka lagd framfor heradsstyret, (samstundes søkjer ein om større statsbidrag til lærarløn). Krinsordninga vart samrøystes godkjend i heradstyremøte 6. juli 1916 (ei endring kom til seinare Viken-Årdal).

**Skulehus/klassedeling**

No hadde alle skulane skulehus, med unnatak av Søgnesand. Der var det omgangsskule.

Søgnesand og Heggheim, samla

Åmot, Veiteberg

Klakegg, Dvergsdal

Myklebust, Sandal og Gjesdal, 2-delt


Ålhus }  
Årdal } 3-delt  
Viken }

Ålhus }  
Årdal } fleire år 4-delt

Eikås, 4-delt







Skuleklasse frå Ardalen. 15 personar. Framme f. v.: Astrid Huus, Solveig Myklebust, Edith Årdal, Magnhild Årdal, Anna Bjørseth og Inga Årdalsbakke.

2. rekkje f. v.: Johannes Årdal, Johannes (Lunden) Årdal, Sverre Juklestad, Alfred Årdalsbakke, Sigmund Årdal, Bertel Årdal, Bjarne Erikstad, Birger Årdal og Ingolf Helgheim (lærer).

## Tilsyn

I kvar skulekrins skulle det vere eit tilsynsval som var samansett slik:

- Krinsen sin medlem i skulestyret var sjølvskriven som formann (krinsformann)
- Krinsen skulle velje 3 medlemmer for 1 år.

Pliktene til tilsynsvalet var:

- Føre tilsyn med skulen til kvar tid.
- Leggje fram dei oppl. som skulestyret måtte krevje, eller komme med uttale.
- Arbeide for god skulesøknad.

Alt det som tilsynet har føre, skal førast inn i ein protokoll som er godkjend av formannen i skulestyret.

## Frå eit skulestyremøte 18. april 1890

Då var lærarane i Jølster innkalla for å gje råd og rettleiing når det galdt lærebok-kjøp. Dette vart vedteke: Horn's geografi og Nikolaysen reknebok i kvar skule,

og Lindeman's koralbok til Ålhus og Myklebust-Sandal krinsar. Året etter, (4. des. 1891) vart det vald ei nemnd som skal koma med forslag om kva lærebøker ein skal bruke. Valde vart: E. Fosheim, Ludv. Fugle og O. St. Isene. Forslaget deira vart vedteke.

27. mai 1892 vart Jensens Norigssoga og Utne: Naturhistorie samrøystes innførsle. (A. B. C. av A. Olsen bibelholdes inntil vidare.

Deimball: Tegnebok (samrøystes innf. 23.9.1892).

26. sept. 1893: Sp. om byting av lesebok er diskutera, men saka utsett til eit anna møte.

10. des. 1894: Med 7 mot 5 røyster: Rolfsen lesebok innf. frå nyår 1895. (5 krinsar søkte om å få bruka den gamle leseboka. Det vart nekta).

## Undervisningsmiddel

30. aug. 1881: Veggtafle og forskrifter til Samuel's Viken's distrikt og veggtafle til Sjur Heggheim's distrikt. Formannen skal undersøkje og i tilfelle få fat i eit metrisk kart til kvart distrikt.

→

5. okt. 1882: 8 globusar a kr. 9.00  
1891 løyvt kr. 200.

8. april 1895: Eit sett bibelske bilete frå det gamle og nye testamentet, til alle skulane (forslag av Fugle)

23. aug. 1895: Innkjøp av 2 sett fysikkalske apparater.

### **Framlegg til lærebøker i Jølster folkeskule frå nemda av 4.12.1891**

#### **A) Kristendomskunnskap:**

Vogts Bibelsoge, Luthers lille Katekisme ved Sverdrup og Sverdrups forklaring.

#### **B) Norsk:**

Jensens lesebok (bibeholdes).

Grammatik: Lesebokens tillegg av J. Presthus.

#### **C) Rekning:**

J. Nikolaisen: Reknebok for landsskulen.

#### **D) Geografi:**

Horn: Geografi

#### **E) Historie:**

Jensen eller Petersen-Storm

#### **F) Naturfag:**

Fleirtalet: Etter Jensens lesebok inntil vidare

Mindretalet: Utne: Sundhetslæren Grundbok

#### **G) Skrivning:**

H. Moe's Forskrifter

(Beyers skrivebøker eller Heldals skrivebok)

#### **H) Teikning:**

Seminariebestyrer Jensen m.fl. Tegnebok.

#### **J) Skuleinventar:**

Den inndeling av skulekrinsar som vart gjort i Jølster på skulestyremøtet 16. juni 1916 skulle vare omlag ubrigda fram til 1959. Det vart ei lita endring og den var det presten Kalhovd som fekk gjennom. Han fekk til eigen barneskule for Dvergsdalsdalen på 50-talet.

Men så skulle skuleverket i Noreg gå gjennom store endringar på slutten av 50-talet. Ein gjekk då inn for ei sterk sentralisering av skuleverket. Skulestyret i Jølster gjekk då inn for å samle skulane i Jølster til to sentralskular med ein parallell på kvart årstrinn på Vassenden og Skei. Og det blei bygd nye skular her. Helgheim sokn skulle sentraliserast til Skei og Ålhus sokn til Vassenden. Myklebost som høyrer til Helgheim sokn, skulle gå på Vassenden.

Foreldra i Årdalen protesterte på den nye ordninga. Dei ønskte å behalde skulen sin. Dei fekk ikkje støtte for dette i kommunen. Det enda med at foreldra i Årdalen oppretta privatskule for dei minste klassane (1 til 3) og betalte sjølve det det kosta å drive denne skulen. Seinare fekk til ein forsøksskule med førskule kombinert med småskulen og med støtte av det offentlege. Denne skulen blei dreven fram til 1986, då barnetalet var så lite at ein fann det best å sende borna til Skei.


Jølster fekk innført ungdomsskule i 1972. Først var det ungdomsskule berre på Skei, men i 1978 vart det bygd ungdomsskule på Vassenden og vi fekk ei ordning med to ungdomsskular i bygda, ein på Vassenden og ein på Skei.





# FAMILIEKRYSSORD

Send løysinga til: Jølster Mållag, Boks 62, 6850 Skei, innan 8. januar. Bokpremiar.



## Vassrett



- |                 |                      |
|-----------------|----------------------|
| 1. Astrupbilete | 10. Redd for pengane |
| 8. Mjukt        | 14. Smått            |
| 9. Jentenamn    | 16. Tal              |

- 17. I omnen
- 20. Stol
- 21. Julekake
- 22. Lang
- 24. Høgd
- 25. Tigge
- 26. På huset
- 28. Slutten
- 29. To like
- 30. Moro
- 31. Jentenamn
- 33. På bil frå Nederland
- 34. Gutenamn
- 36. Jentenamn
- 38. Artikkel
- 40. Lutlag
- 41. Karakter
- 42. Matrett
- 45. Studere
- 46. Dårleg
- 47. Karakter
- 48. Jentenamn
- 49. Via

## Loddrett

- 1. Treslag
- 2. Stad i Jølster
- 3. Blomster
- 4. Jentenamn
- 5. To like
- 6. Gardsnamn
- 7. Ujamn
- 11. Julefigur
- 12. Tilbake
- 13. Sport
- 15. Dårleg ver
- 18. Kost
- 19. Artikkel
- 23. På bil frå Danmark
- 27. Epletreet
- 31. Gutenamn
- 32. Julefigur
- 35. Drikk
- 37. Fryse
- 39. Snøhus
- 43. Sint
- 44. Etter

## REBUS.





Reproduksjon av Nikolai Astrup sine måleri

	m/råme	u/råme
Blomstrande epletre	765,-	340,-
Soleie og regnbue	730,-	320,-
Interiør med stor blå krukke	500,-	200,-
Marsmorgen	550,-	310,-
Tun i Jølster	575,-	275,-

**AUDHILD VIKENS VEVSTOVE**

Skei - Tlf. 28 125

*Såvarer  
Kraftfor  
Kunstgjødsel  
Landbruksmaskiner  
Verkstad*



**VALMET**

TA KONTAKT MED  
BONDEN SIN EIGEN FORRETNING



**Felleskjøpet Vestlandet**

Bergen      Skei i Jølster      Etne  
Tlf. 05/325500      Tlf. 057/28202      Tlf. 047/66544  
5800 SOGNDAL — TELEFON (056) 71 905



Rør og rørartiklar  
Sanitæranlegg og utstyr  
Varmeanlegg med ved, flis og olje  
Pumpe anlegg  
Kjøkken innreieing  
Baderom og møblar

**JØLSTER RØR A/S**

Aut. rørleggarmeister  
TROND AARDALBAKKE  
6850 SKEI I JØLSTER



**Jølster Samyrkelag**

Avd. 001 - Skei i Jølster - telefon 28 377  
Avd. 002 - Stardalen - telefon 28 929  
Avd. 003 - Årdal - telefon 27 644





OPNINGSTIDER:  
Kvrdag: 07.30-22.00  
Lourd.: 08.30-20.00  
Sand.: 09.30-22.00

VENT MEIR AV OSS

## SKEI SERVICENTER

v/Ola Fugle  
6850 Skei i Jølster. Tlf.: 28 234

Alle typar  
fliser - fasadestein - omner  
stein og fugemasse



## Jostein Viken

AUT. MURMESTERFORRETNING

6850 SKEI I JØLSTER — TLF. 057 - 28 194

## DESEMBERTILBOD

*dongeribukser til damer/herrar  
god kvalitet kr. 198,-*

## SKEI HANDEL

OLAV MYKLEBUST

6850 SKEI I JØLSTER

TLF. 057-28 374

## ALF HELGHEIM & CO

6850 SKEI I JØLSTER

TLF. 057-28 311

UT — OPTIK — GULL — SØLV — MUSIKK  
FOTO — VIDEO — LEIKAR

OPE FRÅ KL. 10.00 - 20.00

**KVAR DAG**

LÅGE PRISAR

JØLSTRAHOLMEN



6840 VASSENDEN — TLF. (057) 27 135

EIT  
HYGGELEG  
SENTER  
FOR  
HEILE FAMILIEN!

*Velkomen  
Eli og Egil*

DAGLEGVARER  
VEGKRO  
NOROL BENSIN  
GATEKJØKKEN

# SKEI LAKKERING

6850 SKEI I JØLSTER — 057 - 28 369

LAKKERINGSARBEID VERT UTFØRT FAG- OG KVALITETSMESSIG  
TIL RIMELEGE PRISAR

*Dekor- og Motivlakkering — Reparasjon av mindre skader  
Sal av motorolje, rekvisita m.m.*



## NOREGS MÅLLAG ØKONOMIAKSJONEN 1989

### Kjære lokallag/medlemmar

Det er tradisjon at lokallaga/medlemmar ved årsskiftet vurderer å gje ei målgåve til Noregs Mållag sentralt.

Landsmøtet vedtok at denne budsjettposten skulle vere på 100.000 kroner for 1989. Den 1. oktober var det komme inn 23.575,- kroner.

I 1987 kom det inn 129.560,50 og i 1988 kr. 105.377,68 i økonomiaksjonen.

Vi bed derfor om at de er gilde å løyve til Noregs Mållag, Postboks 9185, 0134 Oslo 1, anten til postgiro 5 14 23 02, eller til bankgiro 8494.07.60398.

Vi takkar på førehand varmt for gåva!



**Alle typer  
elektroinn-  
stallasjonar og  
servicearbeid**

**Kvalitetsvarer på bestilling!  
Kontakt oss om:**

Inst. Sverre Årdalsbakke

Skei - Tlf. 28 135

**KRAMBUA**  
**SIGURD KLAKEG**  
6850 SKEI TLF. 28122

A/S **LEFI** BAKST  
TLF. (057) 27 252  
6840 VASSENDEN

**VELKOMEN TIL GOD HANDEL**

**NÆRBUTIKKEN — ÅLHUS**  
telefon 27 888

**OPNINGSTIDER:**  
mandag/tirsdag: 09.00-17.00  
onsdag/torsdag/fredag: 09.00-19.00  
laurdag: 09.00-13.00

Vi er så «liten» at vi kan yte  
personleg service — fleksibilitet.  
Vi har eit miljø som du  
ofte saknar i dei store sentra!

**Varesending kvar  
TORS DAG**

**NO KAN DU KJØPE**

**TRELAST**  
PÅ JØLSTER!

- \* Innvendig panel
- \* Golvbord
- \* Utvendig kledning
- \* Plank
- \* Boks
- \* Lekter
- \* Listverk

Kvar dag  
kl. 07.00-15.30

**I DI EIGA BYGD:**

**JØLSTER BYGG AS**

6840 VASSENDEN I JØLSTER — TELEFON (057) 27 415



# Skatten din!

Med SMS reduserer du skatten din  
- samstundes som du sparer

Alle under 34 år sparer dobbelt  
og får 30% av sparesummen i  
direkte frådreg på skatten

STIKK INNOM  
ELLER

*har du råd  
til å la vere?*

  
**SPAREBANKEN**  
Sogn og Fjordane

Det svingar

PÅ SØRSIDA



**KR. MYKLEBUST**  
MYKLEBOST — TLF. 27 673



Omtrekking av  
møblar? Kontakt



TLF. 27 612

FRÅ FØRSTE STREK.....TIL FERDIG TRYKK!

**eKO**  
EKO-Trykk A.s

6800 FØRDE  
TLF. 057-22884 / 23 711  
TELEFAX: 057-20 656

## JØLSTER MÅLLAG

ønskjer deg velkomen som medlem i laget.

Vi treng fleire som aktivt støttar oss i kampen for nynorsken.

Støtt opp om ei god sak.

Adressa vår er: JØLSTER MÅLLAG v/Olav Veiteberg  
6853 ÅRDAL I JØLSTER  
POSTGIRO 3 06 13 63

